

SAK 44/23 SØKNAD OM ØKONOMISK STØTTE FRÅ LANDSKAPPLEIKEN PÅ GOL 2024**Saksopplysning:**

Landskappleiken skal arrangerast på Gol i juni 24. Ein forventar 5-6000 tilreisande og av desse er det omlag 1500 deltakarar som konkurrerer i ulike klassar innanfor spel, dans og kveding. I tida før kappleiken ønskjer arrangøren å gje ungdom i dalen ei innføring i folkedans og gamle folkemusikkinstrument for å bygge interesse for folkemusikk, kulturell identitet og styrke dei sosial banda mellom ungdomane

Arrangøren ønskjer mellom anna å gje elevane på Gol Vidaregåande skule opplæring i folkedans og folkemusikkinstrument i små drypp gjennom heile skuleåret 2023-2024. Der ser ein for seg å nytte kroppsøvingstimane og la dans inngå som ein naturleg del av læreplanen. Leiinga ved skulen er positiv og spel- og dansarlag i Hallingdal har fagpersonar som kan setjast inn der skulene/lærarane treng støtte for å få dette.

Arrangøren søkjer Regionrådet om 40 000 kr i støtte til gjennomføringa av dette prosjektet. Støtta skal i hovudsak dekke honorar til eksterne instruktørar.

Prosjektet har eit budsjett kr 223680

Utgifter:

Honorar 40 dagshonorar DKS-tariff a 5342	kr. 213.680
Reiseutgifter lærarar	kr. 10.000
Totalt	kr. 223.680

Inntekter:

Gol kommune	kr. 70.000
Buskerud folkemusikklag	kr. 20.000
Regionrådet i Hallingdal	kr. 40.000
Lokale sponsorar	kr. 40.000
Senter for folkemusikk og folkedans	kr. 20.000
Folkemusikkveka	kr. 10.000
Folkorg	kr. 10.000
Landskappleiken 2024 på Gol	kr. 13.680
Totalt	kr. 223.680

Vurdering:

Dette prosjektet handlar om lokal identitet, attraktivitet og omdømme og bu og blilyst, men også vidareføring av folkemusikk- og folkedansetradisjonar. Det er såleis innanfor satsingsområda i Strategisk plan for Hallingdal, sjølv om det ikkje er nemd spesifikt i planen. Det er ikkje eit enkeltarrangement, men eit tiltak som vil bli nytta av ungdom frå heile dalen og gjennom eit heilt skuleår. Dagleg leiar foreslår at Regionrådet støttar prosjektet med kr. 30000

Forslag til vedtak:

Regionrådet for Hallingdal støttar søknaden frå Landskappleiken med kr. 30000. Pengane skal førast på takast av «strategisk plan» midlane.

Hallingdal, 16. juni 2023

Jan Olav Helling
Dagleg leiar

Vedlegg: Søknad frå kulturkomiteen for Lanskappleiken 2024

**SØKNAD OM ØKONOMISK STØTTE FRÅ REGIONRÅDET I HALLINGDAL
SATSING PÅ FOLKEDANS/INSTRUMENTLÆRE I SKULEN FRAM MOT LANDSKAPPLEIKEN PÅ GOL 2024**

Landskappleiken kjem til Gol i tidsrommet 26- 30.06.24. Dette er ein stor folkemusikkfestival der kanskje 5 000 -6000 tilreisande frå heile landet kjem til Gol desse dagane. Mange er deltakarar, ca 1500stk, konkurrerer i ulike klassar som t d hardingfele, fele, durspel, langeleik, bukkehorn, kveding, pardans, lagdans og lausdans for å nemne noko. Mange av dei er ungdomar.

Me ynskjer derfor å få til ei større satsing på folkemusikken og dansen for heile Hallingdalsregionen, inn mot denne festivalen på Gol, og henvender oss derfor til born og ungdom på skulene i dalen. Hvis me kan gje dei ei innføring i den gamle folkedansen frå Hallingdal som til dømes springar og laus, vil dette gje ungdomane ein større **lokal kulturell identitet og styrke dei sosial banda mellom ungdomane**. Me vil også gje dei ei innføring i gamle folkemusikkinstrument.

1. Me ser for oss at elevane på Gol Vidaregåande skule er ei viktig målgruppe. Her vil me nå **elevar frå heile Hallingdal**. Dei vil kunne få opplæring i folkedans og folkemusikkinstrument, i små drypp gjennom heile skuleåret 2023-2024. Det er pedagogisk gunstig m h t at kunnskapen skal feste seg. Då er det naturleg å bruke t d kroppsøvingstimane der dans inngår som ein naturleg del av læreplanen. Spel- og dansarlaga i Hallingdal har fagpersonar som forhåpentlegvis kan setjast inn der skulene/lærarane treng støtte for å få dette til.
2. Me ser for oss at skulene kan leggje opp til ein Folkemusikkverkstad t d på slutten av skuleåret 2024 rett før Landskappleiken på Gol. Då vil profesjonelle utøvarar, også lokale, kome til skulen og gjennomføre eit opplegg som varer ein skuledag der elevane får ei innføring i mellom anna folkedans, sang, langeleik, lur, bukkehorn og fele. Dette opplegget er utarbeida som ei pakke frå Viken fylkeskommune og Norsk senter for Folkemusikk og Folkedans i samarbeid med Folkemusikksenteret i Buskerud.

Me ser for oss at på opningskonserten på Landskappleiken onsdag 26.06.24 , vil me prøve å fylle scena med ungdom frå heile dalen som dansar t d ein springar og ev laus/gamaldans. Det hadde vore eit strålende innslag på opningskonserten og ein god måte å vise fram levande lokal kulturarv frå Hallingdal.

Eit anna mål med prosjektet er å gje ungdomane ein **kulturell tilknytning til Hallingdal** slik at dei får **lyst til å bli buande i dalen ev fløte attende etter endt utdanning**. Endå eit mål må vere å få ungdomane **interesserte i folkemusikken**, slik at dei kan få vidare opplæring i frivillige lag eller kulturskulen.

Rektor på Gol vidaregåande skule er positiv til og vil prøve å få gjennomført punkt 1) og 2) ovanfor neste skuleår 2023-2024.

Desse har sagt seg positive for å bidra i opplæringa:

Ulf Arne Johannesen frå Torpo. Han har reist mykje rundt som freelancer og undervist i folkedans i vidaregåande skule i mest heile Norge gjennom mange år. Han spelar også toradar.

Andre utøvarar som stiller seg positive til å bidra er Gunnaug og Martin Myhr, Lars Fivelstad Smaaberg og Åsmund Jøtun m fl.

Me vonar at dere vil støtte dette prosjektet og me søker derfor Regionrådet i Hallingdal om støtte på tilsamen kr 40 000 for å kunne gjennomføre prosjektet.
Nedanfor har me sett opp eit budsjett.

Budsjett:

Utgifter:	Honorar 40 dagshonorar DKS-tariff a 5342	kr. 213.680
	Reiseutgifter lærarar	kr. 10.000
	Totalt	kr. 223.680

Inntekter:	Gol kommune	kr. 70.000
	Buskerud folkemusikklag	kr. 20.000
	Regionrådet i Hallingdal	kr. 40.000
	Lokale sponsorar	kr. 40.000
	Senter for folkemusikk og folkedans	kr. 20.000
	Folkemusikkveka	kr. 10.000
	Folkorg	kr. 10.000
	Landskappleiken 2024 på Gol	kr. 13.680
	Totalt	kr. 223.680

Med beste helsing
Lars Fivelstad Smaaberg
Olav Arne Løstegaard
i kulturkomiteen for Lanskappleiken 2024
tlf 91 79 09 24